



Modalen kommune

Årsmelding

2011



Innhold




Foto: Liv Ekse

Rådmannen	side 3
Økonomi og rekneskap	side 9
IKT	side 16
Kulturkontoret	side 18
Bryggjeslottet	side 20
Modalen folkebibliotek	side 20
Oppvekst og omsorgsetaten	side 22
Sosialtenesta	side 23
Pleie- og omsorgstenesta	side 25
Helsesenteret	side 30
Mo skule	side 34
Modalen barnehage	side 38
Teknisk etat	side 40

Rådmannen

Etter fleire år med gjennomføring av store investeringsprosjekt har fokus i 2011 vore retta mot drift av tenestetilboda og drift av eigen organisasjon.

Gjennom ei felles Borgarundersøking for Modalen og kommunane i Nordhordland, vart innbyggjarane i regionen spurt om korleis dei opplevde kommunane sine. I høve til folketalet var det ei høg svardeltaking i Modalen. Rapport frå undersøkinga førelåg i august. Den synte at Modalen kom svært godt ut både ved vurdering av ulike tenestetilbod, omdøme, bustadindeks og andre tilhøve som var med i undersøkinga.

Tilsvarande undersøkingar er også utført fleire andre stadar i landet, men ingen kommunar har tidlegare oppnådd så høg score som Modalen. Det må i denne samanheng understrekast at dette ikkje var ei brukarundersøking, men ei omdømeundersøking der ein uttalte seg om tilhøve i kommunen, uavhengig om ein sjølv nytta tenesta eller ikkje. Det var soleis innbyggjarane sitt inntrykk av eigen kommune som kom fram i undersøkinga. Men egne brukarundersøkingar og ulike rapportar om våre tenester syner at kommunen har gode tilbod, og at vi brukar relativt sett mykje ressursar på å yte gode tenester til innbyggjarane og andre brukarar. Dette vart også bekrefta i fleire større avisartiklar og i Kommunal Rapport sitt kommunebarometer der tenestetilboda for alle kommunar vart vurdert.

Internt i eigen organisasjon har det vore fokusert på iverksetting av rutinar for rapportering av HMT-arbeid og oppfølging av sjukefråvær. Likeeins er det innført rutinar for budsjetterrapportering, som har gjeve tenesteleiarar og rådmann eit betre verktøy for å vurdere den økonomiske utviklinga av drifta gjennom året. Vidare er det utarbeidd nye rutinar for innkjøp og kontroll, etter gjennomført forvaltningsrevisjon på dette området.

Også i Modalen fekk vi i 2011 merka at vêrtilhøva er i endring. 17. januar vart alle vegar stengt både til/frå Modalen og fylkesvegen oppover dalen. Fleire ras vart utløyyst på grunn av store nedbørsmengder. Kraftig regn førte 28. juni til at fleire sideelvar vaks fort opp og gjorde skade på ulike vegar. Utgraving resulterte også i nedfall av ei kraftmast som gav eit lengre straumbrot i området nedanfor Hellandsfossen. Likeeins medførte uvêr i romjula ulike skader og brot i straumforsyninga. Hendingar med uvêr og straumbrot har synt at mobilsambandet er sårbart og kan svikte i slike samanhengar. Dette er i fleire høve påpeika overfor Telenor, utan svar tilbake.

Ovannemnde hendingar syner at det har vore god grunn til å oppdatere kommunen sine beredskapsplanar i 2011. I året er det også halde møte i beredskapsrådet og møte med Modalen Kraftlag om beredskap ved alvorleg svikt i straumforsyninga. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik- og beredskap, og gav ei positiv tilbakemelding etter dette.

Kommunestyret vedtok i 2011 nye overordna vurderingskriterium for ROS (Risiko- Og Sårbarheitsanalysar) som vil verte lagt til grunn i arbeid med arealplan og reguleringsplanar. Erfaringar i høve flaum, ras og beredskapsarbeid vil i den samanheng verte teke omsyn til i kommunen sitt vidare arbeid med revisjon av kommuneplanen.

Både ved inngangen og utgangen av 2011 var folketalet i Modalen 370 innbyggjarar. I løpet av året svinga det noko, og var høgast med 384 innbyggjarar etter 2. kvartal. I løpet av året flytta 17 personar inn, men like mange flytta ut av kommunen. Netto fødselsoverskot var også null, noko som totalt resulterte i eit stabilt folketal.

Gjennom året vart det registrert stor etterspurnad etter kommunale bustader. Dette syner at det er ønskje om både å bu og å busetje seg i kommunen. Kommunestyret vedtok endringar i kommunen sine reglement for bustadtilskot og utleige. På sikt vonar ein at tilskotsordningane vil stimulera til auka bustadbygging dei komande åra.

Årsmeldinga er ei attendemelding til Kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for. Rådmannen skal syte for ei rasjonell drift, og at drifta held seg innafor dei økonomiske rammene som Kommunestyret bestemmer.

For ansvar *Rådmann/sentraladministrasjon* var det totalt eit mindreforbruk på 0,8 millionar kroner. Ansvar *Oppvekst og omsorg* hadde samla eit mindreforbruk på 0,2 millionar. Ansvar *Teknisk* hadde eit meirforbruk på 0,7 millionar kroner. Kommunen sitt totale rekneskapsmessige mindreforbruk var 0,9 millionar kroner.

Rekneskapen for 2011 er lagt fram med eit netto driftsresultat på 6,8 millionar kroner (8.6 %) som er om lag 0,8 millionar kroner høgare enn for 2010. I forhold til mange andre kommunar er dette eit godt resultat. Seinare års investeringar har auka driftskostnadane på ulike tenestoområde. Løpande driftskostnader har også auka, men brutto driftsresultat auka til 1,8 millionar kroner i 2011 mot 1,6 millionar kroner i 2010. Rådmannen ser framleis at det er trong for ei tett oppfølging av driftskostnadane i høve vedtekne budsjett også i tida framover.

Likestilling

Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Frå 2009 vart lova og rapporteringskravet skjerpa på dette området. Modalen kommune har framleis ei overvekt av kvinnelege arbeidstakarar, men begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. På sikt er det eit mål å auke talet av kvinner i leiarstillingar. Rådmannen kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindre forskjellshandtering i Modalen kommune. Ved tilsettingar i kommunen vert søkjar sine kvalifikasjonar meir enn kjønn vektlagt.

Kjønnsfordeling 2011

Rådmann/kommunalsjefar:	Menn	3 - 100 %	Kvinner	0
Rådmann/kommunalsjefar/mellomleiarar:	Menn	6 - 55 %	Kvinner	5 - 45%
Alle tilsette i Modalen kommune:	Menn	27 - 25 %	Kvinner	78 - 75%

I det nye kommunestyret er det 8 menn og 5 kvinner etter valet. Dette er med og sikrar ein god balanse mellom kjønna ved val av nemnder og utval.

Etikk

Nye etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Modalen kommune vart vedtekne i desember 2010. Det er informert om retningsline ved tilsetjing og i opplæringa av nye folkevalde.

Personalpolitiske retningslinjer

Retningslinjer for lønnspolitikk og seniorpolitiske tiltak vart innført frå 01.01.10.

HMT- arbeid

Det har vore utført vernerundar ved alle verneområda. Det er ikkje registrert ulukker eller skader på personalet. Kommunen har avtale med HMT-gruppa, som er Modalen kommune si bedriftshelseteneste, med rettleiing, kontrollar og førebyggjande tiltak.

Sjukefråvær

1. kvartal			2. kvartal			3. kvartal			4. kvartal			samla		
2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011	2009	2010	2011
13,4%	6,1%	7,1%	7,2%	5,1%	7,3%	4,8%	5,1%	8,0%	6,2%	6,3%	9,3%	7,9%	5,7%	7,9%

Fråvær gjeld alle som får fast utbetalt lønn (inkludert faste vikarar). Eigenmeldingar er medrekna.

Modalen kommune inngjekk i mars 2011 ein revidert samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv. Kommunen som arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og NAV arbeidslivssenter er part i avtalen. Lokalt er det utarbeidd lokale delmål i IA-avtalen vedkomande: 1.Sjukefråvær, 2. Personar med redusert funksjonsevne og 3. Avgangsalder. Resultatmålet for det lokale sjukefråværsarbeidet fram til utgangen av 2013 er eit sjukefråvær på maksimalt 6,5%, målt som gjennomsnitt for dei tre siste åra.

Kommunen hadde ei positiv utvikling og nedgang i sjukefråværet i 2010. Utviklinga i 2011 syner likevel ein auke. Dette skuldast auka langtidsfråvær. Korttidsfråværet ved alle avdelingar er på eit lågt nivå. Gjennomsnittleg sjukefråvær for åra 2009-2011 er 7,2 % og ligg over måлтаlet.

Alle avdelingar fekk i 2011 tilbod om å delta i "Dytt" som eit trivsels- og mosjonstiltak for våre tilsette. I alt deltok 58 personar i opplegget.

Rådmannen vil takke politikarar, tillitsvalde, leiarar og alle tilsette i organisasjonen for samarbeid og god innsats i 2011.



MØTE I POLITISKE ORGAN OG OPPFØLGING AV VEDTAK

Kommunestyret

År	Møte	Saker
2010	7	58
2011	8	58

Etter rådmannen si vurdering er kommunestyret sine vedtak i 2011 gjennomført og fulgt opp som føreset. I sak 05/11 vart tilskotsordningar for landbruket i Modalen revidert. Det står att å utarbeide ei informasjonsbrosjyre, og innarbeide nye reglar i retningslinene for Næringsfondet. Dette er under arbeid og vil verte utført i 2012.

I 2009 vart det vedteke innføring av seniorpolitiske tiltak med verknad frå 01.01.2010. Verknad av desse skulle evaluerast desember 2011. Dette er ikkje utført.


Kommunestyret har ikkje vedteke mål for organisasjonen utover føringar i einskildsaker og årsbudsjett.

Formannskapet

År	Møte	Saker
2010	8	52
2011	7	50

Etter rådmannen si vurdering er formannskapet sine vedtak i 2011 gjennomført og fulgt opp som føreset med eit unntak. I sak 08/11 vedtok formannskapet at Mo skule skulle følgje opp ”Tilstandsrapport og revisjonsrapport for grunnskulen i Modalen” med innspel til ei vidare drøfting i formannskapet, mellom anna framlegg til konkrete og målbare mål for skulen og framlegg til organisering og ressursbruk i spesialundervisninga.

Skulen har hatt desse problemstillingane på dagsorden, der ressursbruk og organisering av spesialundervisning har hatt fokus. Det har ikkje vore gjennomført konkret måldebatt fordi mykje av skuledrifta er styrt av nasjonale føringar. Formannskapet har ikkje fått førelagt saka til drøfting på ny slik vedtak 08/11 seier. Administrasjonen vil i samarbeid med Mo skule utarbeide eit grunnlag for vidare oppfølging våren 2012.



Næringsfondsstyret

År	Møter	Saker	Tilskot løyvd kr	Lån løyvd kr
2010	7*	8*	728 700,-	
2011	7	11	861 850,-	375 000,-

*Inkluderer også møter og handsaming av ei klagesak.

Tal på møter og nye saker er høgare i 2011 enn året før. Det vart i 2011 vedteke nye stønadsreglar for landbruket i Modalen. Nye tilskotsordningar for landbruket har medført ein auke av slike saker. Saker og løyvingar er slik fordelt (tal for 2010 i parentes): landbruk 6 (3), reiseliv/service 2 (2), anna 3 (2). I 2011 utgjer løyvd sum for tilskot/ lån meir enn kr 500 000,- i ei sak og over kr 100 000,- i to saker. Tilskot utgjer under kr 20 000,- i fem saker.

Rekneskapsmessig utbetaling eit år vil oftast ikkje vere lik den sum som vert løyvd det aktuelle året. Løyvingar vert utbetalt innan fastsett frist for gjennomføring og med ulike vilkår knytt til tildelinga. Utbetaling kan dermed skje heilt eller delvis neste rekneskapsår. Ved redusert omfang av gjennomføring av eit prosjektet eller dersom det ikkje vert gjennomført, så kan utbetalt sum verte lågare enn total løyving tilseier. Løyvde summer i tabellen ovanfor syner derfor den øvre ramma for kommunen sine forpliktingar til mottakarar.

Status Næringsfond

År	Inngåande saldo per 01.01.11	Utgåande saldo per 31.12.11
2010	6 620 506,-	2 310 118,-
2011	2 310 118,-	8 652 992,-

Av næringsfondet er 2 millionar kroner bunde som grunnkapital. Grunnkapitalen er inkludert i saldoar ovanfor.

Næringsfondet vert også nytta til finansiering av infrastruktur og andre føremål utover direkte stønad til næringsverksemdar.

KOMMUNALT EIGARSKAP I SELSKAP

Modalen kommune er medeigar og er representert i styrande organ i følgjande selskap:

Selskap	Aksjekapital	Eigardel	Kommunal representasjon i styre
Modalen Næringsbygg AS	6 342 000,-	92.7%	Torhild Eidsheim, Inge Farestveit, Inge Kårevik (2011)
Modalen Eksingedalen Billag AS	2 392 500,-	19.4%	Ordfører Knut Moe
Kommunekraft AS	320 000,-	0.3%	Ingen
Modalen Kraftlag BA		1 andel	Ingen
Fjord Norge AS		1 andel	Ingen

Modalen kommune er medeigar og er representert i styrande organ i følgjande interkommunale selskap:

Selskap	Kommunal representasjon i styre / råd
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap (NGIR) IKS	Harald Farestveit, 1. varamann
Regionrådet Nordhordland IKS (Nordhordland Utviklingsselskap (NUI) IKS) *	Ordfører Knut Moe (Rådmann Øivind Olsnes frå 01.01.12) *

*) Regionrådet Nordhordland vart frå 01.01.12 omorganisert og selskapet som kommunen er medeigar i heiter no Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

Begge selskapa er eigd av dei kommunane som deltek i samarbeidet.

Modalen kommune har også andelar i følgjande selskap/ føretak:

NIT kommunedata (1), AL Biblioteksentralen (1) og Nordhordland Veteranbåtlag (25) slik det går fram av note 5 til rekneskapet for 2011.

Økonomi og rekneskap

SAMANDRAG

Rekneskapsåret 2011 er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på 6,8 millionar kroner. Netto driftsresultat vert sett på som det viktigaste nøkkeltalet for å vurdere det økonomiske resultatet av drifta i ein kommune. Det vert ofte lagt til grunn at netto driftsresultat bør vere minst 3 % av driftsinntektene. Resultatet for Modalen kommune for 2011 tilsvarar 8,6 % av driftsinntekta. 2,5 millionar kroner av inntekta i 2011 er etterbetaling av konsesjonsavgift for åra 2005 - 2010.

Rekneskapsmessig overskot vart kr 851 861,29. Dette kjem fram etter at netto driftsresultat er justert for fondsbruk og -avsetjingar.

Netto driftsresultat er auka med nesten 0,8 millionar kroner i høve til 2010. Dersom vi justerer for etterbetaling av konsesjonsavgift (som eigentleg gjeld åra 05-10), justerer for mva-kompensasjon (som kjem på grunn av investeringsutgift), samt justerer for inntektsført premieavvik, er resultatet 2,0 millionar kroner betre enn 2010.

Inntekt og resultat inkluderer kr 167 313,- i inntektsført refusjonsinntekt frå Vaksdal kommune for barnehageplassar. Denne inntekta vil verte tilbakeført og belasta rekneskapen i 2012 dersom konklusjonen vert at den ikkje skal betalast. Det er fakturert og inntektsført kr 500 933,- medan Vaksdal kommune har betalt kr 333 620,-.

Lønsutgiftene er den største utgiftsposten til kommunen. 46,4 millionar kroner (inkludert sosiale kostnader) av samla driftsutgifter på 77,6 millionar kroner utgjør 59,8 %. Dette er noko høgare enn tilsvarande i 2010. Framleis er lønnsandelen av utgiftene lågare i Modalen kommune enn i dei fleste andre kommunar.


Økonomisk oversikt for investeringsrekneskapen syner eit finansieringsbehov på berre kr 840 000,-. Det har ikkje vore nokon store investeringsprosjekt i 2011.

VURDERING

Resultat i drifta

2011 har gjeve nok eit positivt resultat for kommunen. Netto driftsresultatet er godt over dobbelt så høgt som tilrådd nivå for å ha ein sunn økonomi. I samandraget er det peika på etterbetaling av konsesjonsavgift, mva-kompensasjon frå investering og premieavviksinntekt som er postar som påverkar netto driftsresultat utan å vere ein del av den løpande ordinære drifta. Resultatet justert for desse postane er 4,2 millionar kroner og utgjer 5,3 % av driftsinntekta. Framleis godt over tilrådd nivå, og indikerer god kontroll på driftsøkonomien.

Diagram: Utvikling netto driftsresultat 2000-2011 (Tal i 1000)




Netto driftsresultat er løpande driftsutgift og driftsinntekt, inkludert finansinntekt og finansutgift. Avskrivningar inngår ikkje i resultatet. Netto driftsresultat er knytt til den løpande drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einskilde år.

Kommunebarometeret til Kommunal rapport legg til grunn eit korrigert netto driftsresultat ved vurdering og samanlikning av kommunar. Korrigeringa skjer ved at ein trekkjer ut premieavvik og mva-kompensasjon frå investeringsutgift. Ein kjem då fram til eit korrigert netto driftsresultat som er meir realistisk i høve til det løpande driftsnivået. Under følgjer ein tabell som tek omsyn til desse posteringane, og i tillegg justerer for følgjande særskilte tilhøve:

2009: 2,5 millionar kroner til forskottering av vegar.

2011: 2,5 millionar kroner i etterbetaling av konsesjonsavgift 2005-2010.

Diagram: Korrigert netto driftsresultat 2007-2011 (tal i 1000)



Det har mange gongar vore peika på at kommunen treng høge driftsresultat for å kunne finansiere investeringsutgiftene med egne oppsparte midlar. Netto driftsresultat på 6,8 millionar kroner er om lag likt med gjennomsnittet for dei siste 10 åra, og lågare enn nivået på investeringane dei seinare åra. Rådmannen har tidlegare vist til at det er viktig å oppretthalde eit høgt driftsresultat samt å tilpasse investeringsnivået til driftsresultata over tid. I budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2011-2014 var det eit særskilt fokus på tilhøvet mellom årleg driftsresultat og investeringsnivå. Låg investeringsaktivitet og dermed lågt finansieringsbehov har medført god netto auke i fondskapitalen i 2011.

Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk: kr 851 861,29

Rekneskapsmessig mindreforbruk er netto driftsresultat korrigert for avsetjingar, bruk av avsetjingar og finansiering av utgifter i investeringsrekneskapskapen. Kommunestyret skal gjere vedtak om disponering av dette resultatet.

Driftsinntekt


Modalen kommune har høg inntekt, noko som er nødvendig for ein liten kommune om ein skal kunne tilby spekteret av velferdstenester, samt tilrettelegging og utvikling av infrastruktur mv.

Diagrammet under syner at over halvparten av samla driftsinntekt (53 %) kjem frå dei 3 postane naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. Det meste av dette er knytta til inntekt frå kraftproduksjon og er ein auke i høve til 2010 då andelen var 50,9 %.

Rammetilskot frå staten og personskatt er av mykje mindre betydning i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar, der desse inntektspostane er dei klart største. Ein ser likevel ein auke i 2011 i høve til 2010. Det kjem som følgje av at barnehagetilskot ikkje lenger er eit øyremerka tilskot, men er innbakt i rammetilskotet.

Ein ser såleis at det er inntekt basert på utnytting av kommunen sine egne ressursar som legg grunnlaget for den kommunale tenesteytinga og samla utgift i kommunerekneskapen. Dette biletet har vore relativt stabilt dei siste 10 åra der naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt har svinga noko omkring 50 % av dei samla inntektene i perioden. Rammetilskot frå staten har i same periode vorte redusert frå om lag 16 % i 2000 til under 8 % av dei samla inntektene i 2010, og opp til 14,8 % i 2011 som følgje av endringane i barnehagetilskot.

Diagram: Fordeling av samla inntekt på ulike inntektspostar.



Inntektene har samla auka med 5,46 % i høve til 2010. Dette er noko høgare enn auken i utgifter (sjå under).

Driftsutgift

Driftsutgiftene til kommunen har auka frå 73,7 millionar kroner til 77,6 millionar kroner frå 2010 til 2011. Auken utgjer om lag 5,3 %, ein lågare vekst enn året før (8,2 %). Dette er inklusiv avskrivningar og utanom finanspostane. Avskrivingsutgift vert null ved eigen motpostering i kommunerekneskapen og er ikkje med i netto driftsresultat. Vurderer ein utgiftsauken utanom avskrivning vert utgiftsveksten om lag 5,7 %.

Auken er høgare enn normal pris- og lønsvekst skulle tilseie, og gjev såleis eit uttrykk for auka aktivitet i kommunen. Lønsutgift utanom pensjon og arbeidsgjevaravgift har auka med om lag 7,0 %. Justerer ein for auka inntekt frå sjuke- og fødselspengerefusjon vert auken om lag 5,7 %. KS opplyser at den gjennomsnittlege lønsveksten frå 2010 til 2011 var om lag 4,3 % i KS-området.

I 2011 vart det køyrt ei ekstra lønnskøyning for å få mest mogleg rett utgiftsføring av påløpt variabel lønn i 2011. Etter tidlegare praksis vart mykje av variabel lønn for desember utgiftsført i januar året etter. Denne endringa medførte ekstra utgift på om lag kr 400 000,- i 2011. Tek ein omsyn til denne ”ekstrautgiften”, vil auken i høve til 2010 vere 4,5%.

Budsjettstyring og avvik

	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Avvik	Budsjett	Regnskap
	2011	2011	i kr	i %	2011	2010
Rådmannen/sentraladm	12 801 838	13 604 824	-802 986	-5,90 %	13 669 824	13 510 172
Sosial og barnevern	1 731 035	2 082 547	-351 512	-16,88 %	2 082 547	1 759 982
Skule	7 923 484	7 979 295	-55 811	-0,70 %	8 044 295	8 050 607
Barnehage	4 083 440	4 922 169	-838 729	-17,04 %	5 422 169	1 749 666
Pleie og omsorg	10 985 360	9 950 373	1 034 987	10,40 %	9 450 373	9 620 027
Kommunelege	3 916 814	3 929 313	-12 499	-0,32 %	3 859 313	3 731 583
Teknisk	9 684 424	9 018 105	666 319	7,39 %	9 018 105	8 417 458
Totalt budsjettområda	51 126 395	51 486 626	-360 231	-0,70 %	51 546 626	46 839 495

Oversikta syner nettoutgift per budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettløyvingane. Kommunestyret gjev rammeløyving til budsjettområda:

Rådmannen/sentraladministrasjon, Sosial og barnevern, Skule, Barnehage, Pleie og omsorg, Kommunelege og Teknisk.

Budsjettområda *Pleie og omsorg* og *Teknisk* har meirforbruk i høve til løyvinga. Dei andre områda har balanse/mindreforbruk. Samla er budsjettområda innanfor samla løyving med eit mindreforbruk på kr 360 000,-, eller om lag 0,7 %.


Investering

Det har vore svært liten investeringsaktivitet i 2011. Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udisponert resultat på kr 139 274,54 som vert tilrådd avsett til fond.

Likviditet/arbeidskapital

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskot, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vere store nok til å dekkje den kortsiktige gjelda. Omløpsmidlane korrigert for den kortsiktige gjelda gjev oss arbeidskapitalen.

Diagram: Utvikling i arbeidskapital 2001-2011 (tal i 1000)




Utviklinga i arbeidskapitalen har vore negativ dei siste åra, med nedadgåande trend frå 2006. Eit godt driftsresultat og liten investeringsaktivitet har betra arbeidskapitalen i høve til 2010, men den ligg framleis lågare enn tidlegare år.

LÅNEGJELD OG FOND

Fond

Diagram: Samla fondsmidlar pr 31.12 frå 2001 – 2011 (Tal i 1000)



Oversikta syner auke i samla fondsmidlar i kommunen i 2011. Samla fondsmidlar er 12,5 millionar kroner. 8,3 millionar av desse er ubundne midlar i disp.fond/ næringsfond. Handlefridomen og høvet til å eigenfinansiere investeringane i framtida er såleis betra i høve til 2010. Ein viser såleis til det som er sagt om at det er viktig å styre driftsutgiftene og driftsresultatet, samt investeringsnivået, for å kunne oppretthalde handlefridomen og ha buffer mot dårlegare tider og uforutsette endringar og hendingar.


I 2011 vart konsesjonsavgift knytta til oppstart av Nygard pumpekraftverk ferdighandsama i NVE. Dette medførte etterbetaling av 2,5 millionar kroner. Det var lågare enn tidlegare stipulert, men har likevel bidratt til betring av nivået på fondsmidlane. Eit godt driftsresultat og låg investeringsaktivitet har òg bidratt positivt.

Lånegjeld

Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla 38,775 millionar kroner, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda er såleis relativt stor per innbyggjar, men er moderat i høve kommunen si evne til å betene rente- og avdragsutgift. Rente- og avdragsbetaling på lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. Kommunen ligg godt over minstekravet til årleg avdrag.

Tabell: Utvikling i lånegjeld 2003 – 2011

(tal i 1000)	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Lånegjeld	4 040	3 230	16 793	40 723	38 800	36 877	34 378	31 878	29 378
Lånegjeld pr innb	11 038	8 947	47 438	114 390	107 778	105 063	99 936	86 157	79 400
Innbyggjartal	366	361	354	356	360	351	344	370	370



IKT

Kommunen har tilsett økonomi- og IT-rådgjevar i 100 % stilling. Stillinga er ei kombinert stilling for IT og økonomi. Hovudtyngda av arbeidsoppgåver har vore lagt til IKT-området, men dette vil endrast i tida framover då oppgåver knytt til IKT vil bli utført av Interkommunale IKT-Tenester Nordhordland (IKTNH).

Dei siste åra har det vore stor aktivitet i det regionale IKT-samarbeidet. Over tid har det vore arbeidd med å leggje forholda til rette for å skape grunnlag for felles IKT-drift i regionen. Det nære samarbeidet innan IKT starta med eit felles breibandsnett, som danna grunnlag for felles tenester, som tilgang til internett og servardrift. Ein har hatt gode erfaringar med IKT-samarbeidet.

Modalen kommune har no slutta seg til felles IKT-drift i Nordhordlandsregionen saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Interkommunale IKT-tenester Nordhordland er oppretta og organisert som eit interkommunalt samarbeid etter vertskommuneprinsippet, der Osterøy kommune er vertskommune. IKTNH skal drifte IKT- oppgåver for samarbeidskommunane, og vertskommunen har einerett til å levere driftstenester innan IKT til dei deltakinge kommunane.

Osterøy fekk ansvar for IKTNH frå 01.09.11. IKT-tilsette i kommunane i samarbeidet vart overført til Osterøy kommune frå same dato. IKTNH har felles kontor i Hagellia i Knarvik, men IKT-personellet har framleis mykje av sitt arbeid ute i den einskilde kommune.

Styringsgruppe for IKTNH er rådmennene i samarbeidande kommunar.

ØKONOMI

Det har ikkje vore noko meirforbruk i forhold til budsjettet under ansvar 1400, *IT-konsulent*. Dette på trass av at det var usikkert kva kostnader ein ville få på slutten av året som følgje av ny felles IKT-drift. Fordeling av kostnadane for drift av IKTNH skjer etter ein modell der 1/3 av kostnadane fordelast flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal. Utgifter knytt til den einskilde kommune sine lisensar og periferutstyr (datamaskiner, skrivarar mm.), vert betalt direkte av den einskilde kommune.

Det er funne plass til både merking og opprydding av kabling på Helsesenteret, og oppgradering av sentralbordfunksjonen innafor årets budsjett. Ein lokal server, og fleire pc'ar er bytta ut.

Kostnader for utført arbeid med nedrigging av radiolinkutstyr er lågare enn føresett budsjett, men dette skuldast at større installasjonar av det gamle radiolinksambandet ikkje er demontert enno. På vegne av kommunen er radiolinkutstyret lagt ut for sal på nettet av ei lokal verksemd.



AKTIVITET

Hausten 2010 var arbeidet med å byggje ut fibernett til alle husstandane i Modalen kommune ferdigstilt. Internettsambandet via radiolink vart derfor skrudd av 19. januar 2011 etter 10 års drift. Det nye fibersambandet har fungert svært godt. BKK leverer no Altibox til innbyggjarane. Altibox-løysinga gjer det mogleg å knytte seg til både internett, IP-telefonløysing og TV. Bedriftene har teikna egne avtalar for internettaksess med BKK. Tal på private abonnentar som er knytta til fiberen er no 127. Dette er ein liten auke på fire kundar i løpet av året.

Modalen kommune har inngått avtale med BKK om vedlikehald og drift av fibernettet som kommunen er eigar av.

Felles prosjekt for oppgradering av økonomisystemet Visma Enterprise for dei fleste kommunane i regionen, og samling på felles server sentralt, vart starta i 2010. Dette vart vidareført i 2011. Opplæring i nye funksjonar i Visma Enterprise har blitt gjennomført i samarbeid med dei andre kommunane.

I samband med at IKTNH har tatt over IKT-drifta har kommunane tatt i bruk eit nytt brukarstøttesystem. Dette er eit viktig verktøy for felles IKT for kommunikasjon med brukarane i kommunane. Alle meldingar om problem med maskinvare, programvare og nettverk/ kommunikasjon vert meldt gjennom brukarstøttesystemet.



Kulturkontoret

Det har vore tilsett kultursjef i 100 % stilling i tida januar/ august. Resten av året har biblioteksjefen vikariert i stillinga i 36 %. Ungdomsarbeidaren slutta våren 2011 og to ungdomar har vore engasjert i stillinga frå hausten 2011.

Kulturkontoret står til teneste med:

Turistinformasjon

Kulturminnevern

Tildeling av kulturmidlar

Samordning av aktivitetar

Kulturarrangement

Tilrettelegging av friluftsliv

Den kulturelle skulesekken

Søknad om tilskot, tippemidlar m.m.

Modalen kommune skal vere prega av eit rikt og mangfaldig tilbod innan kultur og idrett. Kommunen skal satse på aktivitetar som tek vare på bygda sin eigenart og kvalitet. Kulturminnevern er eit viktig satsingsområde. Frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor innsats for å skape trivsel i bygda. Desse får støtte gjennom utdeling av kulturmidlar. Det vert gjeve tilskot til restaurering av stølshus og andre bygningar av kulturhistorisk verdi. Modalsdagane er populære og samlar mykje folk både på marknaden, konsertane og bryggjedansen. Veteranbåttreffet er eit fast arrangement som ikkje trekkjer så mykje folk lenger.

Kulturkontoret samarbeider med Bryggjeslottet, biblioteket og Mobryggja om ulike arrangement, slik som konsertar, teater for born og vaksne, islandske dagar og utstillingar. Den kulturelle skulesekken er eit samarbeid mellom kulturkontoret, biblioteket, Mo skule og Eksingedalen skule. Målet er å gje elevane kulturtilbod av høg kvalitet. I 2011 har det vore konsertar, forfattarbesøk, utstillingar og kurs. Elevane får òg reisa til Bergen for å gå i teateret og ta del i andre kulturtilbod som byen har. Barnehagen får òg tilbod om teater og musikkarrangement.

Arbeidet med merking av turstiar er vidareført frå 2010. Mange turstiar er ferdigmerka, og det er sett opp informasjonsskilt der stiane byrjar. Arbeidet med turstiane heldt fram i 2012. Det er starta opp eit samarbeid mellom Bergen reiselivslag og Modalen kommune - Vandrersprosjekt Modalen -der informasjon og bilete frå turane og stiane i Modalen ligg på heimesida til Bergen reiselivslag; <http://www.visitbergen.com/modalen/>. Sida er klar til bruk i byrjinga av 2012.

Det er ungdoms- og juniorklubb annakvar måndag i Bryggjeslottet.



Bryggjeslottet

Bryggjeslottet er eit allaktivitetshus som inneheld bowling, basseng, bibliotek, styrkerom og idrettshall. Nytt for året er solarium.

Det er tilsett driftsleiar i 100 % stilling og reinhaldar i 80 % stilling. I tillegg til desse vert bowling- og badevakter leigd inn i helgar og feriar.

Huset er framleis mykje brukt av lokalbefolkninga og folk frå andre nærliggjande kommunar. Årskorta er vorte populære, det er no ca 160 selde årskort.

I 2011 har det vore arrangert konsertar og barneteater med meir. Publikumsoppslutninga varierar, men er stort sett bra.

Vedlikehaldskostnadane har auka monaleg. Det er ein samanheng mellom bruken av huset og slitasjen.

Modalen folkebibliotek

Lov om folkebibliotek:

”Folkebiblioteka skal ha til oppgåve å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet”.

Biblioteksjef er tilsett i 64 % stilling, til stillinga ligg òg ansvar for fjernarkivet.

Modalen folkebibliotek samarbeider med kommunane Lindås, Meland, Masfjorden, Austrheim, Radøy, Fedje og Osterøy om felles katalog, kurs, prosjekt og arrangement.

Biblioteka i denne regionen vert no samla under ein paraply med tittelen Litteraturhusa i Nordhordland.

Startskotet for Litteraturhusa, LeLitt-Festivalen (Lese og litteraturfestivalen) gjekk av stabelen i tida 26. september til 7. oktober med 119 arrangement og 3 585 deltakarar fordelt rundt i dei ulike kommunane, med tilbod til alle aldersgrupper. Det vert laga ein felles brosjyre over arrangementa som vert sendt til alle husstandar vår og haust. Biblioteka har òg ei felles heimeside, Mitt Nordhordland.

I oktober gjekk Nordhordlandsbiblioteka over frå programmet Aleph til Micromarc. Det har vore mykje ekstraarbeid i samband med med opplæring og konvertering. No fungerer systemet fint.

Mo skule og Modalen barnehage er faste brukarar av biblioteket. Eksingedalen skule har lånedagar vår og haust i samband med bading i Bryggjeslottet.

Biblioteket samarbeider med kulturkontoret og Mo skule om forfattarvitjingar, konsertar, barneteater og utstillingar.

Bryggjeslottet er ein populær møtestad for alle aldersgrupper. Her er mange tilbod å velje mellom, og biblioteket er godt besøkt. I 2011 har utlånet auka med 237 utlån i høve til i fjor. I 2012 skal bibliotekplanen for Nordhordland reviderast og det vert fokus på nye gode tilbod i Litteraturhusa i Nordhordland.

Biblioteket er ope: Tysdag 9.00-16.00, onsdag 9.00-15.00, torsdag 13.00-19.00 og annakvar laurdag 12.00-15.00.

Utlån	2011	2010
Bøker for born	1818	1738
Bøker for vaksne	1721	1750
Lydbøker for born	97	48
Lydbøker for vaksne	245	189
Musikk for born	76	44
Musikk for vaksne	167	195
Film for born	397	395
Film for vaksne	467	401
Anna	44	35
Samla utlån	5032	4795

Kommunalt arkiv

Arkivet fram til 1964 er ordna og flytta til IKA Hordaland sitt arkiv i Hansaparken. Lokala i kjellaren i Samfunnshuset er ikkje eigna for oppbevaring av papirarkiv, så det er gjort ein avtale med IKA om å leige plass der til nyare papirarkiv. Mange kommunar ynskjer at IKA skal ta vare på alt arkivmaterieil, og Modalen er valgt ut som pilotkommune for avlevering av nyare arkiv. IKA hentar og ordnar arkivet. Dette er ein god og viktig avtale for kommunen for å sikre dette materialet for ettertida.



Fotograf: Silje Sæterdal Bøyum / Strilen

Oppvekst og omsorgsetaten



Oppvekst og omsorgsetaten femner om avdelingane barnehage, skule, helse, NAV/sosial og pleie og omsorg.

Organisering

Etaten er organisert med ein leiar på kvar avdeling, og kommunalsjef som leiar for etaten. Kommunalsjef rapporterer til rådmannen.

ØKONOMI

Det økonomiske biletet for 2011 viser små avvik i høve planlagt budsjett for skule og helse. Pleie- og omsorgstenesta har slite mest budsjettmessig. Avdelinga har fått reduserte inntekter og auke i utgiftene slik at netto meirforbruk beløper seg til ca 1 million kroner. Sosial og barnehage har vesentleg mindreforbruk som i stor grad demmer opp for dette meirforbruket slik at etaten samla sett går i balanse.

Sosialtenesta

TENESTER OG OPPGÅVER

Barnevernstenesta: Modalen kommune har sidan 2007 hatt avtale med Vaksdal kommune om drift av barnevernstenesta i Modalen.

Rusomsorg: Ansvaret for rusomsorga i Modalen er lagt til kommunalsjef.

Avlastning og omsorgsløn for barnefamiljar: Ansvar for vedtak og oppfølging av tiltak lagt til kommunalsjef.

Økonomisk rådgjeving og økonomisk sosialhjelp: Ansvaret er lagt til NAV Modalen som har 20 % kommunal stilling avsett til desse oppgåvene. NAV Modalen har i tillegg 40 % stilling til dei statlege oppgåvene.

MÅL

NAV har på generell basis vore kritisert for lang sakshandsamingstid. Eit viktig arbeidsmål for NAV i 2011 har difor vore å få etablert gode rutiner som gjer at ein får slusa sakene gjennom systemet raskt. Det har også vore arbeidd med å etablere samarbeid med andre NAV-kontor slik at vår sakshandsamar ikkje treng å sitje med detaljkunnskap innan alle område. Noko må slusast vidare til kontor som har spisskompetanse og erfaring.

NAV-kontoret skal samordne oppfølging og tiltak til personar som har trong for hjelp frå folketrygda, arbeidskontor eller økonomisk sosialhjelp. Fagområdet til NAV er breitt og regelverket komplekst.

Leiinga ved NAV Modalen er todelt. Kommunalsjef har ansvar for det kommunale tilbodet (økonomisk sosialhjelp), medan leiar ved NAV Lindås er ansvarleg for dei statlege oppgåvene (arbeid og trygd) ved kontoret.

ØKONOMI


Samla sett hadde sosialtenesta eit mindreforbruk på ca kr 300 000,-. Årsaka til dette er todelt: Ekstra tilskot frå Staten som ein ikkje hadde sett føre seg i budsjettet i tillegg til at ein har greidd å halde utgiftene nede.

AKTIVITET

Innan feltet barnevern har det vore jamn aktivitet i 2011. Her er det kome ekstra utgifter som sosialbudsjettet samla sett har handtert.


Rusområdet har hatt fokus på det førebyggjande arbeidet med informasjonskampanjar og kontroll av sals- og skjenkestadene. Det har vore gjennomført 6 kontrollar av sal i butikk, 2 skjenkekontrollar i Bryggjeslottet i samband med arrangement og 3 kontrollar ved Mobryggja. Det har ikkje vorte registrert alvorlege avvik ved kontrollane, og både sals- og skjenkestadene får positiv omtale av skjenkekontrollen.

Utgifter til økonomisk sosialhjelp har halde seg stabilt, men talet personar som treng gjeldsrågeving har vore aukande, og sakene vert meir komplekse. Dette er ei utfordring som vil krevje fokus i 2012.



Pleie- og omsorgstenesta

Modalstunet bu og opp trening er hovudbasen i pleie- og omsorgstenesta. Pleie og omsorg omfattar integrert sjukeheim og heimesjukepleie, omsorgsbustader og heimehjelpsteneste. På Modalstunet har desse tilboda sitt utspring: institusjonsopphald, heimesjukepleie, heimehjelp og dagtilbod for eldre.



TENESTER OG OPPGÅVER

Dagtilbod

Arbeidsstova på Modalstunet er open 4 dagar for veka. Her vert gjeve dagtilbod for bebuarane og for heimebuande. Kvar fredag er det bingo og kaffikos i daglegstova. Eldre i bygda er inviterte til å delta siste fredagen i kvar månad.

Fysioterapi

Kommunefysioterapeuten vitjar sjukeheimen tysdagar og torsdagar, og gjev då tilbod til bebuarar og dagpasientar.

Heimeteneste

Heimetenesta gjev døgkontinuerleg tilbod til heimebuande etter søknad og fagleg vurdering.

Middagsutkøyring

Heimebuande eldre kan etter søknad få middag frå sjukeheimen kjørt heim til seg.

Trygde- og omsorgsbustader

Det er 2 husvære på Mo og 2 husvære på Øvre Helland som er øyremerkte eldre og uføre. I tillegg til dette er det 2 husvære på Øvre Helland som er øyremerkte psykiatri.

Tryggleiksalarm

Heimebuande som ynskjer det kan søkja om å få leiga tryggleiksalarm gratis. Alarmen er knytt til Falken, som tek kontakt med brukaren.

Tekniske hjelpemidlar

Det er eit stort utval av tekniske hjelpemidlar tilgjengelege til bruk i heimane. Kommunen har sjølv eit lite hjelpemiddellager for utlån. Kontaktperson for hjelpemidlar er fysioterapeut Terje Askeland.

Kjøkken og vaskeri

Målet for desse to avdelingane er å yte best mogleg service til brukarane.

Kjøkkenet på Modalstunet har fokus på: ”Mat som medisin”. Vi kan ete oss friske, og fokuserer på samanheng mellom kosthald, ernæring og helse.

Modalen Kommune har ei målsetjing om at dei eldre skal kunne bu heime så lenge dei sjølv ynskjer det, og det er forsvarleg. I snitt vart det levert varm middag til 2-3 brukarar i heimen kvar dag. Kjøkkenet serverer frukost, middag og kaffimat på Modalstunet.

Vaskeriet har vask og stell av alt privat og felles tøy til bebuarane, samt vask av arbeidsklede til personalet. Vaskeriet tilbyr også vaskeritenester til heimebuande og dei andre etatane i kommunen.

MÅL

- Gode, brukartilpassa tenester.
- God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trong.
- Tenesta skal byggje på rehabiliteringstenking.
- Skape eit godt miljø der både brukarar og dei som arbeider skal trivast.
- Pårørande skal føle seg velkomne, og dei skal kjenne seg trygge på at deira familiemedlem har det godt.

Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeidar i pleie- og omsorgstenesta i Modalen Kommune.

ØKONOMI

Det har vore 40 innskrivingar av pasientar ved Modalstunet bu og opptrening i 2011. Dette er 17 færre enn i 2010.

38 utskrivingar, av desse 2 dødsfall.

Vaksdal har brukt sine 4 faste plassar gjennom heile året.

Lindås kommune har frå 01.03.11 – 31.12.11 leigd 2 årsplassar, i tillegg til kortidsplassar.

Årsplassane utgjorde 489 døger og kortidsplassane 238 døger i 2011.

Samanlikna med 2010 der vi selde 1041 plassar, er det ein reduksjon i sal av plassar med 314 døger i 2011. Årsaka til reduksjonen er at eigne innbyggjarar har disponert fleire av plassane gjennom året. I tillegg har Lindås hatt lengre opphald i dei tildelte plassane.

Modalen Kommune har i snitt brukt 6 plassar til eigne brukarar (1 plass meir enn i 2010).

Desse forholda har gjort at ein har fått mindre inntekter enn forventa, og har hatt større lønsutgifter enn forventa i 2011. I sum har pleie- og omsorgstenesta eit økonomisk avvik kring 1 million kroner.

AKTIVITET

2011 har vore eit stabilt år. Det har, som tidlegare år, vore utfordringar med vikarar i periodar. 1 omsorgsarbeidar var ferdig utdanna sjukepleiar våren 2011. Våren 2010 starta 9 personar opp med Demensomsorgens ABC, og dei har halde fram med dette studiarbeidet i 2011. Dette er eit kompetansehevande tiltak under Demensplan 2015. Demensomsorgens ABC er eit studiemateriale som vert brukt til opplæring i tverrfaglege studiegrupper. Målet er å fremje kompetanse innan fagområdet demensomsorg i pleie- og omsorgstenestene, utvikle både tverrfagleg forståing og kunnskap hjå gruppedeltakarane, samt gje auka samhandling og samarbeidskompetanse.

Julebordet på Modalstunet vart gjennomført som vanleg i november. Her deltok ca 85 brukarar, pårørande og andre gjestar.

Kvar fredag vert det arrangert bingo på Modalstunet. Siste fredag kvar månad er det ”storbingo”, der alle eldre i bygda er velkomne og barnehagen deltek.

- Kvar torsdag er det trim.
- Dagtilbod for heimebuande.
- Frisør og fotpleie tilbod til eldre.
- Barnehagen kjem på faste besøk.
- Måltidssituasjonen vert kvar dag brukt bevisst, for å auke bebuarane sin evne til eigenomsorg,- fysisk, psykisk og sosialt.
- Ein torsdag i månaden kjem presten.

Sansehagen vert bevisst brukt for å betre den daglege livskvaliteten ved å la brukarane ta del i kjente syslar som såing, hausting av grønsaker og bær, samt stell av blomar. Ved at brukarane får delta ut frå sitt funksjonsnivå opplever dei eldre meistring og samhandling i kvardagen. Personalet opplever at ein slik terapeutisk hage er både fysisk og psykisk styrkjande for bebuarane på Modalstunet. Den skapar ei fin ramme for aktivitet og den ”gode samtalen”. Vi ynskjer å gje kvar enkelt gode stunder.



Modalen kvinne- og familielag og personalet ved Modalstunet saman med brukarane har hovudansvaret for å halde sansehagen. Familielaget er flinke til å stille opp, og vi set stor pris på dette samarbeidet.

Heimehjelp

Talet på brukarar som har fått heimehjelp frå pleie- og omsorgstenesta er redusert. 4 brukarar fekk praktisk bistand i 2011. Dette utgjorde i snitt gjennom heile året ca. 6,5 timar per veke.

Heimesjukepleie

Talet på mottakarar av heimesjukepleie er redusert. 4 brukarar har i snitt motteke ca 19,5 timar heimesjukepleie per veke i 2011.

Tryggleiksalarmar

4 personar har nytta tryggleiksalarm. Modalen Kommune leiger utstyr frå Falken (Lev vel helse, Hjelp 24) og nyttar Falken sin alarmsentral.

Hovudutfordring, pleie- og omsorg 2012


Vi må ha fokus på tiltak som kan sikre stabile inntekter ved institusjonen, samstundes som vi må sjå om det er tiltak som kan redusere utgifter og sikre stabil drift.

Det er svært viktig å ha fokus på å behalde og rekruttere kompetent arbeidskraft. I dagens arbeidsmarknad kan dette vere ei utfordring, og særleg vanskeleg er det å rekruttere til små stillingsstorleikar. Vidare må ein ha fokus på å auke og styrkje fagkompetansen i organisasjonen.

God kvalitet på tenestene vil vere avgjerande for å kunne selje plassar. Sviktande sal av plassar og redusert belegg vil ha store konsekvensar for drifta.

Aukande inn- og utskrivningar av pasientar frå og til andre kommunar krev mykje ressursar, kunnskap og eit tett tverrfagleg samarbeid mellom helsepersonell, lege og fysioterapeut på tvers av kommunegrensene.

Det er viktig at Modalen pleie og omsorg har målretta arbeid inn mot interkommunalt samarbeid, sett i lys av Samhandlingsreforma som vert innført 01.01.2012. Vi må syne våre kvalitetar og utfordringar, og ha fokus på utvikling og kompetanse, for å kunne møte reforma i eigen kommune.



Helsesenteret

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsesenteret. Helsesenteret er elles organisert under kommunalsjef for oppvekst og omsorg.

LEGEKONTOR

Det er 1 legeheimel i Modalen, kombinert fastlege- og kommunelegestilling. Frøydis Gullbrå har hatt denne stillinga i 2011. Legen har i 2011 fram til november arbeidd i 80 % stilling, fordelt på om lag 50% kurativ verksemd (pasientkonsultasjonar), 15% sjukeheimsteneste, 20% administrativt kommunelegearbeid og ca 5% helsestasjonsarbeid. Legekantoret har hatt ope tre dagar per veke. I tillegg utførte vi akutt hjelp når legen var tilstades utanom desse tidene. Frå november har vikarlege Lucia Corral vore ved kantoret, då Frøydis Gullbrå har delvis permisjon for å drive forskaraktivitet. Det er 1 stillingsheimel på 60% for legesekretær ved kantoret.

Det er ca 530 personar som har hatt fastlege ved kantoret i 2011.

Ein samarbeider med andre Nordhordlandskommunar om legevakt i Knarvik, og der får innbyggjarar i Modalen hjelp når det ikkje er lege i Modalen.

Mål

Sikre våre listepasientar eit tilfredstillande allmennlegetilbod

- med god tilgjengelegheit
- med akseptable ventetider for legetime
- med fagleg forsvarleg kvalitet på tenesta.

Via ny brukarundersøking hausten 2011 har vi fått tilbakemelding som tyder på at våre kundar stort sett er nøgd med tilbodet dei får. Samstundes har vi fått fram områder der vi arbeider for å betre tilbodet.

Aktivitet

	2011	2010	2009	2008
Sjukebesøk	8	13	11	7
Konsultasjonar	1116	1025	1234	1287
Telefonkonsultasjonar	127	150	167	276
Annan kontakt	1025	1017	832	553

KOMMUNEFYSIOTERAPEUT

Fysioterapitenesta i Modalen kommune utgjer eitt årsverk, og er lokalisert i Helsecenteret på Mo.

Mål

Ha ei fagleg god utøving av dei ulike ansvarsområda som ligg i stillinga.

Konkrete mål er det fleire av: Godkjenning av revidert rehabiliteringsplan. Fordjuping i geriatri, rehabilitering, fleire kroppssegment og individuell plan. Ein har ikkje fått godkjent rehabiliteringsplanen, då noko arbeid gjenstår. Resten av måla er delvis oppnådd, men må jobbast kontinuerleg med.

Aktivitet

Behandling, undersøking og informasjon både til personar i alle aldre, både heime og på instituttet er det som tar mest av arbeidstida. Antalet har vore tilnærma uforandra dei siste åra. Fysioterapeut har tysdag og torsdag som faste dagar på Modalstunet. Her er det oppfølging av bebuarar samt fysisk tilrettelegging av romma og hjelpemiddel.

Fysioterapeut ansvar for søking, oppfølging og tilbakelevering av hjelpemiddel.

Det er gruppetrening for alle eldre over 55 år kvar måndag.



HELSESTASJON

Målgruppa for skule- og helsestasjonstenesta er born og unge i alderen 0 - 20 år. Tenesta er lovpålagt og skal førebyggje sjukdom, fremje god fysisk og psykisk helse samt fremje gode sosiale og miljømessige forhold for barn og unge. Helsesøster er tilsett i 50% stilling.

Helsestasjonen har ope ein dag per veke. Helsesøster er òg tilstades på Mo skule ein dag per veke. I tillegg har helsestasjonen ope ein ettermiddag per veke der helsesøster i første halvdel av 2011 hadde ope tilbod for ungdom, medan 2. halvår vart nytta til konsultasjonar, foreldresamtaler, foreldreveiledning og kontorarbeid.

Mål

Rammeverket for tenesta er følgt, og måla for tenesta er i hovudsak nådd.

Aktivitet

Alle born har fått gjennomført konsultasjonane som er anbefalt på helsestasjonen og i skulen, og fått tilbod om vaksinene som er i barnevaksinasjonsprogrammet. Anbefalte aldersgrupper har òg fått delta på opplysningsverksemd både individuelt og i grupper til dømes i samband med ernæring, fysisk aktivitet og trivsel.

Hendingar utanom det «fastlagde» programmet for tenesta var til dømes «Sett dine egne grenser»-grupper i ungdomsskulen kor helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar deltok i gjennomføringa. Helsesøster medverka òg ved gjennomføringa av «Psykisk helse i skulen» i 9. klasse våren 2011. Helsesøster var med i eit samarbeid med barnehagen i forhold til språkgrupper for framandspråklege born.

Tilbod om open helsestasjon for ungdom vart avslutta sommaren 2011 då dette vart lite nytta.

PSYKISK HELSETENESTE

Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune omfattar tiltak som skal gje støtte til personar som har psykiske vanskar, og tenester til menneske med psykisk utviklingshemming. Det psykiske helsearbeidet i kommunen skal fremje sjølvstende og styrke evna til å meistre eige liv. Den psykiske helsetenesta i Modalen utgjer til saman to årsverk. Psykiatrisk sjukepleiar har kontor i Helsesenteret. Ein hjelpepleiar og ein hjelpepleiar med vidareutdanning i psykiatri har stillingane sine knytt til miljøarbeid og Modalen dagsenter.

Modalen dagsenter er eit dag- og aktivitetstilbod som skal bidra til at personar med psykiske vanskar får eit strukturert og meningsfylt innhald i kvardagen sin, og at dei får tilbod om sosial kontakt med andre menneske. Dagsenteret er ope to dagar i veka.

Brukargruppa til dagsenteret har minka, samstundes som det er ein auke i talet på unge menneske med trong for oppfylging frå det kommunale hjelpeapparatet. I denne gruppa er det menneske med klare psykiatriske diagnoser. Det er også ungdomar utan diagnose, men med ein slik sosial situasjon at dei står i fare for å utvikle psykisk sjukdom dersom ikkje tiltak vert sett inn.

Mål

Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune skal vera eit lågterskeltilbod. Pårørande, brukar sjølv eller andre i hjelpeapparatet er velkomne til å ta direkte kontakt. Det er ikkje naudsynt med tilvising frå lege.

Aktivitet

Rundt 20 personar i ulike aldersgrupper nyttar seg av jamleg av tilbod frå den psykiske helsetenesta i større eller mindre grad. Talet på brukarar av dagsenteret har hatt ein nedgang i 2011, og det er no berre 2 faste brukarar.

Hausten 2011 vart det arrangert kurs i depresjonsmeistring (KID) i Modalen. Det var 8 påmelde deltakarar. Kurshaldar var Vilhelm Overå, kvalifisert kursleiar i KID.

Helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar har deltatt i skuleprosjektet "Alle har ei psykisk helse", for 8. – 10. klasse på Mo skule.

Psykiatrisk sjukepleiar er koordinator for ein del ansvarsgrupper oppretta rundt elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule som treng ekstra tilrettelegging. Psykiatrisk sjukepleiar har òg jamleg vore medarbeidar ved ungdomskontakten Salto som er eit interkommunalt førebyggjande lågterskeltilbod til ungdom i aldersgruppa 13- 18 år, stasjonert i Knarvik.

ØKONOMI

Ansvar *Kommunelege* går samla sett i balanse.

Mo skule



TENESTER OG OPPGÅVER

Skuleåret 2011/12 starta 71 elevar opp på Mo skule, fordelt på 1. til 10. klasse. 16 av desse er heimehøyrande i Vaksdal kommune. Det starta 5 nye 1. klassingar ved skulen hausten 2011. 20 personar er tilsett i til saman 15 årsverk ved skulen.

Verksemda Mo skule er regulert av Opplæringslova med forskrifter. Kommunestyret vedtok i sak KS-007/10 system for "Kvalitetsvurdering av verksemd etter opplæringslova i Modalen kommune, Mo skule". Systemet er utarbeidd for at mellom anna skuleeigar og myndigheiter kan vurdere om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylt ved Mo skule. Mo skule har utarbeidd ein tilstandsrapport som omhandlar læringsresultat og læringsmiljø. Denne årlege rapporten vart drøfta av kommunestyret i møte den 10/2-11, jf. Opplæringslova § 13-10, andre ledd.

Mo skule haustar gode erfaringar med det fysiske arbeidsmiljøet både for born og vaksne etter at skulen vart ombygd og rehabilitert i 2010. Kantina er vorte ein sentral og viktig samlingsplass for alle, og viser stor oppslutning. Elevane på Mo skule får kvar dag tilbod om brødsiver og variert pålegg, drikke, frukt og grønsaker basert på retningslinjene for eit ernæringsmessig og sunt kosthald. For dette betaler foreldra kr 100,- per månad.



MÅL

Det overordna styringsdokumentet for Mo skule si verksemd finn ein i Opplæringslova med forskrifter (www.udir.no). Dette dannar grunnlaget for skulen sitt arbeid med ”Kunnskapsløftet” (K06) der ein finn dei meir konkrete planane for skulen.

Mo skule har utarbeidd ”Handlingsplan for Mo skule 2011/12”. Dette skjer kvart skuleår. Internt ved skulen har me eit mål om å utvikle ein kultur prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen. For elevar og føresette inneber dette òg at skulen sin praksis vert meir synleg. Måla i handlingsplanen vert evaluert til jul, og eventuelt justert då. Ein slik handlingsplan er og eit uttrykk for ein organisasjon som lærer, og dermed eit av dei tiltaka som er med på å skape vekst og utvikling.

Nasjonale prøver vart gjennomført på 5., 8. og 9. trinn hausten 2011. Mo skule bruker resultatane internt i arbeidet med å heve kvaliteten på opplæringa og for å auke elevane si læring. Analysen av resultatane på Mo skule syner at elevane sine prestasjonar ligg midt på treet, og i nokre tilfelle over snittet. Samstundes er det vanskeleg å samanlikne resultatane med andre kommunar fordi skulen har få elevar. Likevel gjev dette høve til å kunne fokusere på den enkelte elev sine resultat.



AKTIVITET

Satsingsområda for skuleåret 2011/12 har vore norsk, matematikk og friluftsliv. Skulen har mellom anna innført gratis leksehjelp for 8.-10. klasse to gongar i veka. Oppslutninga har vore god, og ein meiner allereie å sjå resultata frå auka innsats. I tillegg deltek skulen på den nasjonale satsinga ”Kompetanse for kvalitet”, og dette skuleåret har ein lærar tatt vidareutdanning i matematikk. Tidligere har lærarar tatt vidareutdanning i engelsk og friluftsliv gjennom same satsing.

Elevundersøkinga viser gode resultat med omsyn til trivsel på skulen. Skulen arbeider for at trivselen hos elevane skal vere så høg som mogeleg. Skulen har eigen sosiallærer/ spes.ped.rettleiar, og ein gjer seg nytte av Olweus sitt anti-mobbeprogram.

Som del av det sosiale arbeidet kan det nemnast at skulen kvar haust reiser på felles skuletur med tilsette og alle elevane, der ein overnattar under enkle tilhøve. I år gjekk turen til Bjørn West-hytta.

Dette skuleåret har elevane arbeidd med ein eigenprodusert musikal med tittelen "Slek va da". Framsyninga skjer i Bryggjeslottet 29/3-12. Det er elevane sjølve som har skriva historia.



Modalen Skulefritidsordning

Det er i alt 22 born som nyttar seg av SFO-tilbod i Modalen kommune dette skuleåret. Åpningstid til SFO er 07.30-16.30 alle dagar. Mo skule tilbyr gratis leksehjelp for 1.-4. klasse. Denne er organisert i samband med SFO-ordninga ved skulen.

Modalen Kulturskule

Modalen Kulturskule har eigen kulturskulelærer i musikk. Tilbodet som vert gitt er mellom anna opplæring i gitar, piano, keyboard, bass, saksofon og trommer. Kulturskuletilbodet i musikk har vore populært hos elevane. Kulturskulen har òg eige kor, Gullstjernene, som har delteke i Korifokus som er ein barnefestival for alle kor i regionen. Kulturskulen har òg gitt tilbod i nybyrjarkurs i spansk.

ØKONOMI

Rekneskapen for 2011 gjekk i balanse.

Modalen Barnehage

TENESTER OG OPPGÅVER

Barnehagen er open frå 07.30-16.30. Foreldre kan velje mellom eit 3 - eller 5-dagars tilbod. Vi arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma etter Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar. Borna får eit variert pedagogisk tilbod som er tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene. Vi legg vekt på humor, glede og fysisk aktivitet. Vi nyttar oss av leikeplassen i barnehagen, skogen i nærmiljøet, badebasseng og gymsal for å gje borna gode fysiske aktivitetar. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei 7 fagområda i Rammeplan for barnehagar.

Prisen for barnehageplass er lågare enn makspris for barnehage (kr 2330,-). Ein 3-dagars plass kostar kr 1300,- og ein 5-dagars plass kostar kr 1700,-. Dette inkluderer tre daglege måltid og frukt.

Modalen barnehage er ein 3-avdelings barnehage leia av styrar. Kvar avdeling vert leia av pedagogisk leiar som har med seg assistentar etter talet på born. Vedtektene til Modalen barnehage fastset bemanningsnorma 1 vaksen på 5 barn. I barnehageåret 2011 var det 39 barn på vårhalvåret og 32 barn på hausthalvåret. Tal årsverk var 12,58 vårhalvåret og 11,02 hausthalvåret inkludert kjøkkenpersonell.

MÅL

Hovudmålet til Modalen barnehage lyder: Vi vil arbeide for å gjere borna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg. Visjonen vår er ”Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus”. I tillegg har vi satsingsområdet ”Mange intelligensar”, som er ein teori om at menneske er født med 8 intelligensar og at barn nyttar alle på ein naturleg måte- noko som gjer dei dyktige i å lære. Alle intelligensane heng saman. Det gjeld å arbeide vidare med det barn meistrar, på ein slik måte vert dei betre på det som dei ikkje meistrar så godt.

ØKONOMI

	Rekneskap	Budsjett	Mindreforbruk
NETTO	Kr 4 101 460,-	Kr 4 922 169,-	Kr 820 709,-

Barnehagen har eit vesentleg mindreforbruk i høve revidert budsjett. Hovudårsaka til dette er at refusjonar frå andre kommunar vart høgare enn forventa. Mindre forbruk på fleire av lønnspostane har ført til lågare utgifter til lønn og arbeidsgjevaravgift enn budsjettet.



AKTIVITET

Barnetal

	Vår 2011	Haust 2011
Barnetal	39	32
Antal plassar	53	40

Barnehagen er i stadig aktivitet og utvikling. Vi legg stor vekt på å følgje borna sine interesser og slik sjå til at borna sin medverknad vert følgt opp. Slik vil vi ha ein barnehage i kontinuerleg utvikling og endring på både vaksen- og barnenivå.

Vi har ein del faste aktivitetar gjennom året som basar til inntekt for FORUT, besøk frå 1.-7. klasse med lesestund 2 gongar i året, advent/juleførebuing, solfest, karneval og fastelavn, påskefrukost, vårteikn, så frø, barnehagedagen, 17. mai-førebuing, sommarfest, hatteparade ved Modalsdagane, tur til basseng og gymsal, bibliotek, bruk av naturen i nærmiljøet, bingo på Modalstunet, besøke kommuneadministrasjonen, Mo skule og Uni Micro.

Vi har eit godt foreldresamarbeid. Foreldra har fått tilbod om 2 foreldresamtalar, hausten og våren. Elles har vi hatt 2 foreldremøter, hausten og våren. Ein foreldrerepresentant er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen.

Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år. Slik vil vi alltid ha nye mål og søken etter ny kunnskap. Vi legg dei pedagogiske planane opp etter kva barnegruppe vi har, og tek deira medråderett på alvor. Vi har planar om å arbeide vidare med kompetansen vår på teorien om Mange Intelligensar i løpet av det neste barnehageåret.

Teknisk etat

TENESTER OG OPPGÅVER

Teknisk etat hjelper til med:

- Skjema og hjelp ved søknad om frådelling av tomt
- Hjelp ved kjøp av kommunal tomt
- Skjema og hjelp ved søknad om grave- og byggjeløyve
- Hjelp ved søknad om tilknytning til offentlig veg, vass- og kloaknett
- Informasjon i byggetekniske spørsmål
- Hjelp ved brann, ulukke eller vasskade

Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehold av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehold av kommunale vegar
- Vatn og avløp
- Planlegging, prosjektering av og bygging av nye anlegg
- Byggesak
- Kart og oppmåling

Oganisering



På teknisk etat er det samla 9,5 årsverk. Desse fordeler seg med 3,5 i vaktmeistertenesta, 4 innan reinhald og 2 innan administrasjonen.

MÅL

Teknisk etat har som overordna mål å arbeide for trivsel for den enkelte innbyggjar i kommunen.

Hovudmåla er:

- Yte god service ovanfor publikum
- Arbeide for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeide miljøomsyn i etaten si verksemd
- Arbeide for å betre kommunikasjonstilhøva
- Syte for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard, og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg

Målet for budsjettåret var å gjennomføre flest mogleg av tiltaka sett i økonomiplanen og budsjett for 2011. Vi på etaten arbeider for å levere i samsvar med måla som er sett opp.

ØKONOMI

Teknisk etat hadde i 2011 eit meirforbruk på kr 666 000,- i høve til budsjett for heile etaten sett under eitt. Tek ein omsyn til at nokre av dei mindre investeringane av rekneskapsmessige årsaker er ført i drift tilsvarar dette eit meirforbruk på kr 206 000,- for etaten sett under eitt. Dette tilsvarar om lag 2 % av budsjetttramma.

Ansvar 3000, *Kommunalsjef tekniske tenester, plan og miljø*, hadde eit meirforbruk på kr 714 000,-. Dette skuldast mellom anna at kr 508 000,- løyvd til mindre investeringar av rekneskapstekniske årsaker er ført i drift. Vi hadde eit betydeleg meirforbruk på vedlikehald av vegar grunna store brøytekostnader og reparasjonar etter flaumskader. Husvære til ny pleie- og omsorgsleiar vart rehabilitert og utgiften teke over driftsbudsjettet. På småinvesteringar var det mindreforbruk. Dette skuldast i hovudsak at vi ikkje kom i gang med rulleringa av kommuneplanen. Det vart leigd inn konsulenthjelp til kartarbeid samstundes som det vart oppretta ei mellombels stilling på 20 % til hjelp i plan- og byggesaksarbeid.

Ansvar 3100, *Avdelingsingeniør*, hadde eit mindreforbruk på kr 99 000,-.

Ansvar 3200, *Reinhold*, hadde eit meirforbruk på kr 51 000,-. Meirforbruket skuldast i hovudsak meir vikarbruk grunna auka reinhaldsareal. Tenesta har fått auka stillingsressurs for 2012.

AKTIVITET

Kommunale leigegardar

På to av leigegardane er det utført omfattande rehalitering. På andre leigegardar er det gjort mindre fortløpande vedlikehaldsarbeid, slik som utbetring av pipeløp, utskifting av varmtvannstankar og lignande. Dei fleste leigegardane har ein grei standard, men nokre av dei treng utvendig maling.

Betre tilgjenge helsesenter

På helsesenteret er det gjort tiltak for å betre tilgjenge for alle. Dørtersklar har blitt fjerna og det er installert elektriske døråpnarar. Det gjenstår noko arbeid utandørs, men dette vil truleg bli utført til våren.

Samfunnshus Øvre Helland

Interiørarkitekt, i samarbeid med representantar frå Øvre Helland Vel, utarbeidde forslag til oppgradering av samfunnshuset. Arbeidet, som er relativt omfattande, vil bli sendt på anbod i løpet av våren. Oppgraderinga ventast avslutta i løpet av hausten 2012.

Ny tilkomst, drenering av parkeringsplass

Modalstunet

For budsjettåret 2011 vart det sett av kr 100 000,- til utbetring av tilkomsten til Modalstunet. Pengane vart nytta til å leggja grunnlaget for kjøreveg fram til det planlagde nye inngangspartiet. Arbeid som no gjenstår er asfaltering og kanting av området.



Vaktordning teknisk etat

Det vart i 2011 etablert vaktordning ved teknisk etat.

Dette sikrar at personell er tilgjengeleg utanom arbeidstid for tilsyn, reparasjon og vedlikehald som ikkje kan vente til ordinær arbeidstid.

Nye brøytekontraktar

Det vart inngått nye brøytekontraktar for Nygardvegen, Hellandsvegen og Mo - Otterstad – Kleivane brøyteroder. Kontraktane gjeld for 2 år med opsjon på ytterlegare 1 + 1 år.

Brann:

Vi hadde tre utrykkingar til brann i 2011, ein i Modalen og to i Vaksdal kommune (Bergo og Eidslandet). Brannbilen som vart kjøpt i 1994 vart sett ut av drift i ein lengre periode på grunn av at det ikkje var mogeleg å skaffa deler til innkopling av pumpe. Denne delen vart øydelagt under ein større brann i Modalen. Bilen er sett i drift att, men det er ikkje mogeleg å bruke brannpumpa. Utskifting av denne bilen vil verta vurdert i samband med budsjett for

2013. Det vart rekruttert to nye mannskap i 2011. Mannskapa har hatt øving i førstehjelp, radiosamband, klippeøving, utlegging av slangar og pumpeøving.

Vatn og avløp

Vassprøvane syner god kvalitet på drikkevotnet. Det har også i 2011 vore ein del vasslekkasjar. Lekkasjeane har vore på private leidningar og på hovudleidning. Lekkasjeane vart utbetra etter kvart som dei vart påvist. Hovudleidningsnettlet for vatn og avløp er digitalisert og lagt i kartdatabasen.



Kommunale vegar

2012 var eit utfordrande år med omsyn til vedlikehald på kommunale vegar. Flaum gjorde store skader på Nygardsvegen, noko som resulterte i store kostnader til utbetring. Ein kald og snørik vinter med skiftande vær viste godt att på brøytebudsjettet med eit meirforbruk på ca 0,5 millionar kroner. Deler av dei kommunale vegane på Øvre Helland, Helland og Mo vart asfaltert. Det vart

lagt to fartshumpar på vegen inn mot barnehagen.

Kart, matrikkel og skråfoto

Det vart i 2011 lagt ned eit stort arbeid i retting av kartdatabasen. Det vart lagt inn 53 ”nye” eigedomar, og det vart gjort endringar på 57 eigedomar slik at desse er i samsvar med målebrev/ skyldskifte.

Modalen kommune kan skryte av å ha kome svært langt med omsyn til adresseregisteret. Det er oppretta 140 nye vegadresser, og 5 nye gatenamn. Alle eigedommane i Modalen har no ei unik adresse. Alle bustadhus, fritidshus og viktige bygg har fått gateadresse og er lagt inn i databasen. Nye bygg er registrert inn i databasen. Det vart også gjort eit omfattande arbeid

med gardskarta i Modalen. Desse karta brukast til utrekning av arealtilskot til landbruksnæringa og det er derfor viktig at dei er rett.




Skråfoto

I eit samarbeidsprosjekt med kommunane i Nordhordland er det teke skråbilete av viktige områder i kommunane. I Modalen er det området frå Hugnadstad til Nottveit som er skråfotografert. Fotograferinga vil halde

fram i 2012. Skråfoto er eit nyttig redskap med omsyn til vurdering av skredfare og for å avdekke og følge opp ulovlege tiltak.

Skyldskiftedokument

Det er teke kopi av alle skyldskiftedokument for Modalen som er arkivert hjå Statens Kartverk på Hønefoss.



Byggesaker

I 2011 var det 7 eittrinnsøknader og 2 rammesøknader. 2 søknader om igangsetjingsløyve.

Oppmåling

Det er oppretta 9 eigedommar etter matrikkellova.

Reinholdstenesta

Det har lenge vore vanskeleg å rekruttere til reinholdstenesta. Dette har medført knapphet på ressursar, noko som til tider har resultert i manglande kvalitet på reinholdet på enkelte stader. I løpet av 2012 har vi hatt betre søking til ledige stillingar og lettare tilgang til vikarar. Dette har medført at kvaliteten på utført arbeid no er tilfredstillande. For å lette arbeidet har det vorte investert i hjelpeutstyr slik som til dømes skuremaskinar.

Sommarjobb

I 2011 var det 22 søknader til sommarjobb. Av desse fekk 8 tilbod om jobb på teknisk etat uteseksjonen, 4 i barnehagen, 3 ved Modalstunet, 2 ved Bryggjeslottet og 5 på reinhold. Mange av dei eldre skuleelevane søkte arbeid andre stader. Tidleg haust vart røynslene med årets sommarjobb evaluert. Dei einskilde leiarane gav utrykk for at dei i all hovudsak var godt nøgde med avviklinga av årets sommarjobb.

Framtid

I året som kjem vil vi ha fokus på vedlikehald av kommunale bygg og planarbeid.